Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Tilleggsspørsmålnr. 7

Emne: Skav

Oppskr. av: Olav Bakken

(adresse): Langlim Flatdal

Fylke: Telemark

Herad: Seljord

Bygdelag: Langlim

Gard: Bakken

G.nr. 114 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Skav.

Omkring år 1900 – det fyrste eg minnest – såg eg at far om kveldane sat å skava bork av rålbjørk, or og osp og selju og rāun. Det var så vidt eg veit berre for geitene dei skava bork og gav. – Og det var „vòrū" som gekk, såg det ut til. Han bruka berre ein vanleg slirkniv til dette arbeidet. Me hadde ein gamal skovel heime, men den var mest bruka i knålroget til å skava mjølskòrpūr med. Skavjønnet var laga av ein ūmesska ljå med tange i båe endar til å stikka inn i treføre –



Skóvel. (15cm + 18cm)

9110

Det er nok truleg her blei nytta noko skav som hjelpefor både i gard og plass her i Langlim fyrr – endå her er lite av verkeleg god skav-veu. Nede i låglende veit eg dei nytta både dröse godlauv og skav som hjelpefor i vårknipa. Godlauv fekk dei av alm, ask, lön, selju, raun m.v. – og dette var just veu som eigna seg til skav-au.

At stornaut var meir gjeve i pris av skav, har eg aldri höyrt gjete, derimot var grjondyri å foretrekke. (Jfr. Grjonstuten av Åse Ståleklei i M.B. Landstad oppskrifter „Ottesagaer og Sagn fra Telemarken“)

<u>Skavhelle</u>, er ukjendt, likeins gamle truer i samhöve med skav-veden.

Hjelpeforet her i bygdi var ris av björketoppar og lauvkjerr, skuggeturka eller stekkte i stakk, reinsmose og matmose röt (ugras) og hestelort.

28/2-54

O.V. Bakken



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING